



Lærdal  
kommune

# Kommunedelplan for næring 2023 - 2035

## Planprogram



Fastsett i kommunestyret .....



## Innhald

---

1 Innleiing .....	3
2 Føremål med planarbeidet .....	4
2.1. Føringar for planarbeidet .....	5
2.2. Kommunen si rolle og avgrensingar .....	6
3 Målsetningar, strategiar og tiltak .....	6
3.1. Viktige tema i ein næringsplan .....	6
3.2. Vidare kunnskaps- og utgreiingsbehov .....	7
4 Organisering av arbeidet .....	7
4.1 . Medverknad .....	7
4.2. Arbeidsgruppe og styringsgruppe .....	7
4.3. Framdriftsplan .....	8

## 1 Innleiing


---

Næringsarbeidet i kommunen har tidlegare vore organisert gjennom Lærdal Næringsutvikling. Frå 2021 er arbeidet tatt inn i kommunen sin administrasjon og ny næringsrådgjevar er tilsett. Det er næringsrådgjevaren som koordinerar arbeidet med næringsplanen. Det er gunstig at nyttilsetting og utarbeiding av ny plan kjem samstundes, då dette gjev moglegheiter for å restarte næringslivet etter ei omorganisering av næringsarbeidet i kommunen, og etter ein lang periode med usikre tider for næringslivet grunna Covid. Dette markerer på fleire måtar eit nytt startpunkt for utviklinga av næringslivet: me skal leggje til rette for å ta del i det grønne skiftet og hauste av det gode arbeidet som er gjort før, samtidig som me stakar ut kursen for framtida.

Dei siste par åra med ein pandemi har vist oss kor fleksible me må og kan vere når ei krise treff og kor viktig det er å henge med i den digitale utviklinga. Pandemien har og opna for nytenking rundt kvar me bur og kvar me jobbar. I Lærdal har me lange tradisjonar innan landbruk og reiseliv som er meir stadbundne og arbeidskrevjande næringar, og som er med å gjere Lærdal til ein attraktiv stad. Korleis kan me leggje til rette for utvikling innan eksisterande og nye næringar? Dette er spørsmål me vil ta med oss vidare i arbeidet med næringsplanen som skal vere ei rettesnor for utviklinga av næringslivet i Lærdal dei neste 12 åra.

## 2 Føremål med planarbeidet

Kommunen er pålagt gjennom plan- og bygningslova å utarbeide ein samla kommuneplan, som skal innehalde ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommunen kan i tillegg utarbeide kommunedelplanar for bestemte område eller temaplanar. Kommunestyret i Lærdal kommune vedtok Kommunal Planstrategi i juni 2021, der det går fram at det skal lagast ein kommunedelplan for næring. Føremålet med næringsplanen som skal utarbeidast, er å planleggje for eit robust, heilskapleg og nytenkjande næringsliv i Lærdal, som ikkje lengre er i omstilling, slik det står i planstrategien til kommunen.



Figur 1: Det kommunale plansystemet

Dette dokumentet er eit planprogram for kommunedelplan for næringsutvikling i Lærdal kommune, som har heimel i plan- og bygningslova § 11-2. Planprogrammet er ein «plan for planen» der føremålet er å leggje til rette for ein open planprosess som sikrar brei medverknad og opnar for at dei som ynskjer det kan involvere seg. Planprogrammet skal gjere prosessen føreseieleg og sei litt om innhald, framdrift og planlagde aktivitetar. Vedtatt planprogram skal leggjast ut på høyring, der dei som ynskjer det kan kome med innspel.

Innspel vert å sende til kommunen innan fristen til [post@laerdal.kommune.no](mailto:post@laerdal.kommune.no) merka «Innspel planprogram næringsplan». Informasjon om vidare planprosess vert lagt ut på kommunen sine nettsider og Facebook side.

Lærdal kommune vedtok samfunnsdel for 2018-2027 i desember 2018. Arealdele for kommuneplanen er under utarbeiding og målet er at den skal endelig vedtakast i 2022. Desse planane vert dei overordna dokumenta for næringsplanen. Vidare er det vedtatt rullering av felles landbruksplan for Årdal, Lærdal og Aurland.

## 2.1. Føringer for planarbeidet

Alle planar som vert utarbeida nasjonalt, regionalt og lokalt skal seie noko om korleis planen legg opp til å arbeide mot FN sine 17 bærekraftsmål. Berekraftig utvikling vil vere den røde tråden og einaste arbeidsmetode i næringsplanen, handlingsplan og verkemiddelbruk. I arbeidet med næringsplanen skal ein definere nokre satsingsområde som skal ha særleg fokus i vidare arbeid med næringsutvikling i Lærdal.



Figur 2: FN sine bærekraftsmål

Både nasjonale, regionale og kommunen sine eigne planar legg føringer for utarbeiding av ein kommunedelplan for næringsutvikling i Lærdal. Nasjonal næringspolitikk kjem til uttrykk i det oppdraget som regjeringen gjev Innovasjon Norge. Oppdraget vert synleggjort i den årlege Innovasjonstalen. Dette er det største årlege arrangementet der Innovasjon Norge presenterer det dei meiner er viktig for å få til verdiskaping i Norge og gjev sine råd til næringsministeren. Tema for Innovasjonstalen i 2021 var ikkje uventar koronakrisa si innverknad på næringslivet. Ser ein på offentlege utredningar utarbeida på bestilling frå regjeringen, handlar desse blant anna om næringslivet sin verdi for levande og berekraftige lokalsamfunn (NOU 2020: 12), framtidig kunnskapsbehov (NOU 2018:2), Norge mot 2025: Om grunnlaget for verdiskaping, produksjon, sysselsetting og velferd etter pandemien (NOU 2021:4). Vidare vil desse planane gje viktige føringer for planprosessen:

Lokale planar for Lærdal kommune:

- Kommuneplan 2018-2030 Samfunnsdelen
- Kommunedelplan for energi, klima og miljø 2021-2030
- Felles landbruksplan for Årdal, Lærdal og Aurland 2018-2021

Regionale planar:

- Sogn Regionråd/Visit Sognefjord - Masterplan for utvikling av reiseliv i Sogn mot 2030
- Sogn Regionråd - Regionalplan for Sogn 2021-2024
- Vestland fylkeskommune - Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Nasjonale planar og andre aktuelle dokument:

- Nasjonal transportplan 2022-2033

## 2.2. Kommunen si rolle og avgrensingar

Kommunen har fleire rollar knytt til arbeid med næringsutvikling i ein kommune, mellom anna som planmyndighet, tenesteytar og tilretteleggjar. Ein næringsplan er eit dokument der folkevalde skal sette mål for utviklinga av næringslivet. Planen skal sei kva for oppgåver som skal løysast og korleis, men den seier ikkje kva næringslivet sjølv skal stå for. Likevel er det slik at utvikling er avhengig av at næringslivet sjølv engasjerar seg i planarbeidet, og at tiltaka vert utarbeida i eit godt samspel med næringsaktørar. Kommunen har ei viktig rolle i å legge til rette for å gjere dette mogleg. I nær samhandling med næringslivet skal planen svare på korleis kommunen kan leggje best mogleg til rette for ei berekraftig næringsutvikling, som byggjer på Lærdal sine ressursar og fortrinn.

## 3 Målsetningar, strategiar og tiltak

---

I arbeidet med kommunedelplan for næring skal det utarbeidast målsetningar for Lærdal kommune sitt næringsarbeid. Målsetningane skal ta utgangspunkt i kommunen sin samfunnsdel. Den bør og seie noko om kommunen sine utfordringar og moglegheiter, samt utviklingstrekk og trendar som kan påverke utviklinga dei neste 12 åra. I næringsplanen skal ein utarbeide strategiar som seier korleis måla skal nåast. Ein strategi bør vere konkret, tydelig og gjennomførbar innafor tidsrommet som planperioden gjeld for. Det må og leggjast inn rom for å evaluere strategiane undervegs, slik at ein kan justere kursen om det vert naudsynt.

Planen har eit langsiktig perspektiv, med ein handlingsplan som skal ta for seg tiltaka i næringsplanen. Handlingsplan skal vere eit operativt dokument som skal rullerast kvart fjerde år eller ved behov. For å nå måla i planen er ein avhengig av god samhandling mellom kommune, lokalt næringsliv og andre aktørar i virkemiddelapararatet. Dette kan til dømes vere Innovasjon Norge, Sognefjord Næringshage, Sogn Næring og nabokommunar.

### 3.1. Viktige tema i ein næringsplan

Ein viktig del av prosessen med utarbeiding med ein plan er å velje ut tema som skal vere omtala. Det er viktig å finne ein god balanse mellom å ikkje velje for mange tema, og å få med alt som er viktig. Planen skal vere eit arbeidsdokument med ei konkret prioritering som bidreg til måloppnåing.

Saman med målsetningar, strategiar og tiltak vil følgjande tema bli viktige for arbeidet med næringsplan:

- Avgrensing mot øvrig kommunal verksemd
- Korleis ser dagens næringsstruktur i kommunen ut
- Oppdatert talmateriale frå Telemarkforskning, SSB, Fylkesspegelen
- Kva skal prioriterast først og sist?
- Trendar og utviklingstrekk, både internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt
- data frå Distriktssenteret som seier noko om korleis kommunen kan arbeide for å bli meir attraktiv for fastbuande, besøkande og næringsliv
- Korleis skal Lærdal bli ein meir næringsvennleg kommune
- Korleis skal kommunen sine virkemiddel byggje opp under det ein kjem fram til av satsingsområde og tiltak?
- Korleis kan Lærdal leggje betre til rette for nyetablering og vidareutvikling av eksisterande næringsliv?

- Korleis vil framtidig infrastrukturtiltak (stenging av tunellar, nye bruer osv) påverke Lærdal kommune og næringslivet her?
- Kva vil bli/skal vere Lærdal sine fortrinn i framtida?
- Korleis skal ein leggje til rette for klimavenleg og berekraftig utvikling av næringslivet?
- Korleis skal næringsarbeidet organiserast, både lokalt og regionalt?
- Kartleggje behov for temaplanar

Lista er ikkje uttømmende.

### 3.2. Vidare kunnskaps- og utgreiingsbehov

Arbeidet med næringsplanen skal avdekke behovet for innhenting av kunnskap og utgreiingar, enten undervegs i planarbeidet eller for oppfølging av planen. Det er eit ynskje om å gjennomføre ei SWOT analyse slik at ein har eit status for kvar vi er, og kva muligheter som fins når ein skal planleggje for vegen vidare. Vidare er det planlagt å gjennomføre ei brukarundersøking retta mot verksemder i bygda for å gå djupare inn på kva som er Lærdal sine fortrinn og ressursar. Dette vil kommunen gjere i eigen regi slik at ny næringsrågjevar vert betre kjent med eksisterande næringsliv i Lærdal. Det kan vidare aktuelt med bistand i frå eksterne aktørar om det vert behov for dette.

## 4 Organisering av arbeidet

---

Det er satt ned ei arbeidsgruppe for planprogrammet og utarbeiding av sjølve planforslaget. Arbeidsgruppa skal sikre god framdrift i arbeidet, og sidan det er avgrensa med medlemmar i gruppa er det eit ynskje å gå breitt ut for å få til god medverknad og involvering i utarbeiding av næringsplanen.

### 4.1 . Medverknad

Det vil bli lagt opp til fleire møtepunkt for å diskutere innhaldet i næringsplanen, der det vert lagt vekt på å nå ulike grupper på tvers av samfunnet og næringslivet i heile bygda. Næringsplanen vil vere tema på møte i dei samanhengar ein finn det naturleg, som til dømes i utvalsmøte og møte i regi av næringslivet sjølve eller næringslivsorganisasjonar. Døme på arena for medverknad i regi av arbeidsgruppa kan til dømes vere å arrangere workshop, møte for næringslivet (lokalt kjent som næringskveldar) og folkemøte.

Høyring og invitasjon til å kome med innspel vil bli annonsert på kommunen sine heimesider og i sosiale medium. Det kan og vere aktuelt med annonsering i aviser.

### 4.2. Arbeidsgruppe og styringsgruppe

- Formannskapet er styringsgruppe for næringsplan
- Kommunedirektøren er formelt ansvarlig for arbeidet med næringsplan
- Næringsrådgjevaren er prosjektleiar og faglig ansvarlig for arbeidet og prosessen
- Arbeidsgruppa vert leia av prosjektleiar og inkluderer ein deltakar frå Lærdal næringsamskipnad, to deltakarar frå Lærdal kommune v/landbrukssjef og klimakoordinator
- Arbeidsgruppa får mandat til å etablere referansegrupper og/eller trekke inn kompetanse etter behov

### 4.3. Framdriftsplan

<b>Framdriftsplan</b>	<b>Estimert periode</b>
Utarbeiding av planprogram for «Kommunedelplan for næring 2023-2035»	Januar/februar 2022
Politisk handsaming av vedtak om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn	Mars/april 2022
Gjennomføring av brukarundersøking for verksemder	Mars - mai 2022
Handsaming av høyringsinnspel og ferdigstilling av planprogram	Juni – juli 2022
Vedtak av planprogram	August/september 2022
Utarbeide planforslag, eventuell kartlegging, analyse og gjennomføring av medverknadsprosess	August – oktober 2022
Politisk handsaming av planforslag og utlegging til offentlig ettersyn	Nov./des.2022
Handsaming av innspel og ferdigstilling av plan	Januar – februar 2023
Vedtak av «Kommunedelplan for næring 2023 - 2035»	Februar 2023